

Vil du jobbe som IT-assistent (PC-vakt) ved UiB i haustsemesteret 2014?

Der er ledig nokre mellombels stillingar som IT-assistent i haustsemesteret.

IT-avdelinga har ansvaret for IT-assistentar for heile UiB. IT-assistentane er tilsett på timebasis for eitt semester. Stillingane er plasserte i stillingskategori 1090 Teknikar, ltr.20 eller høgare etter ansiennitet. (Timeløna i ltr. 20 er for tida kr.145,10 pr. time + feriepengar.) IT-assistentane arbeider rundt 10-20 timar kvar veke.

Arbeidsoppgåver:

- Brukarstøtte til brukarar av teknisk utstyr i auditorium og undervisningsrom
- Tilsyn med datamaskiner og skrivarar i PC-stover. Enklare teknisk driftsarbeid med PC-ar, skrivarar og nettverkskabling/-komponentar.
- Brukarstøtte og hjelp til studentar som bruker PC-stover, trådløst nett og andre av UiB sine IT-tenester.
- Brukarstøtte og teknisk hjelp til studentorganisasjonar.
- Vedlikehald og periodisk ettersyn i PC-stover og på informasjonsterminalar.
- Informasjon og rettleiing for brukarane av PC-stovene. Formidling av informasjon mellom brukarane og IT-avdelinga/fakultetet.
- Halde kurs for studentar i IT-emne.
- Ta del i forbetringar og utvikling av IT-tenestene for studentar saman med IT-avdelinga og fakultetet

Arbeidet er organisert som ein turnus. Omfang og tider kan, innan rimeleg omsyn, variere etter behov og ønske. Noko kvelds-/helgearbeid kan vere aktuelt. IT-assistentane har eigen arbeidsplass med PC.

Vi krev generell kunnskap om Windows og programvare på Windows. Like viktig er det med ei generell positiv og serviceinnstilt haldning. IT-avdelinga vil gje opplæring i dei konkrete arbeidsoppgåvene og i rutinar, reglement m.v. som er aktuelle. Dei som arbeider med brukarstøtte direkte mot sluttbrukarar må kunne snakke norsk flytande.

Jobben passar for studentar med interesse for IT og god røynsle med PC-bruk. Ein må ha grunnleggjande IT- forståing og -kunnskapar, men treng ikkje IT- utdanning. Det kan være ei føremon om søkjarane tar eller har tatt fag på dei fakulteta dei søker på, og har kjennskap til fakultetet, men dette er ikkje eit krav.

UiB reknar desse jobbane som eit tilbod om arbeidspraksis og vil prioritere å tilsette nye søkjarar om arbeidsgruppa si samansetting tillet dette.

Send søknad på e-post med CV, kopiar av attestar og vitnemål samt referansar til wenche.vardal@adm.uib.no eller som vanleg post til IT-avdelinga, Postboks 7800, 5020 Bergen, innan 19.5.2014. Alle søkjarar vil få ei kvittering via e-post. Søknadspapira vert ikke returnert. Du kan stille spørsmål på mob. 91736221 eller e-post.

Vi vil gjerne ha studiner med på laget! Dersom fleire søkjarar vert vurdert til å ha tilnærma like kvalifikasjonar, vert reglane om kjønnskvotering i Personalreglement for tekniske og administrative stillingar følgde.